



Styre: Universitetsstyret

Styresak: 103/16

Møtedato: 25.08.2016

Dato: 12.08.2016

Arkivsaknr: 2013/8572

Årsrapport for På Høyden 2015

Henvisning til bakgrunnsdokumenter

- Styresak 44/11 og 54/11
- Styresak 135/15

Saken gjelder:

Det følger av mandatet for styret for På Høyden at avisen årlig skal avgi rapport om virksomheten til universitetsstyret (sak 54/11).

På Høyden opplevde økt trafikk i 2015, med en økning i antall sidevisninger på nær 22 % sammenlignet med året før. Avisen opplever også en klar utvikling mot mer mobil bruk. Blant sakene På Høyden har fulgt tett i 2015 kan man nevne spesielt fusjoner i UH-sektoren og Innovest-saken. Avisen har også fått oppnevnt nytt styre (sak 135/15).

På Høydens årsrapport for 2015 legges med dette fram for universitetsstyret.

vedtak:

Universitetsstyret tar årsrapport for På Høyden 2015 til orientering.

Kjell Bernstrøm
universitetsdirektør

12.08.2016/Maud L. Hansen/Mona Viksøy

Vedlegg:
Årsrapport for På Høyden 2015

På Høyden

Årsrapport 2015

På Høyden auka talet på sidevisningar med 22 prosent i 2015, men er på same vis som eigarinstitusjonen ikkje størst i universitetslandskapet.

Trafikk

På Høyden hadde 912 188 sidevisningar i 2015, mot 749 941 året før, noko som gir ei trafikkauke på nær 22 prosent. Talet på brukarar steig med 18 prosent, til 148 246, fordelt på 433 680 økter. Når det gjeld plattform er det ei klar utvikling mot meir mobil bruk: I 2014 var 14 prosent av øktene frå mobiltelefonar, mot 18 prosent i 2015. Men framleis står desktop-øktene for 72 prosent av trafikken.

Sjølv om På Høyden har ein god trafikkauke er det andre UH-medium som har større trafikk: Frå januar til november i fjor hadde Khrono 1,2 millionar sidevisningar, og Universitetsavisa 1,7 millionar. Dette heng saman med at NTNU har blitt ein langt større organisasjon, og at både Khrono og HiOA ønskjer ein nasjonal posisjon. Dei har og større budsjett.

Økonomi

På Høyden fekk for 2015 ei samla tildeling på 2 763 000 kroner. Rekneskapen viser at avisa brukte 115 000 kroner meir enn ramma. Dette skuldast i hovudsak auka lønsutgifter i samband med avviking av foreldrepermisjon og at oppstarten av strøyming av universitetsstyremøta blei fakturert i 2015.

Saker i På Høyden

Av tema som har vore opp i På Høyden i 2015 kan vi særleg nemne fusjon: Sjølv om UiB berre tek del i ei mindre samanslåing med Kunst- og designhøgskolen i Bergen, er UH-landskapet inne i ein kraftig omveltingsprosess. Og regjeringa sin politikk når òg til Vestlandet, har det vist seg. Mange saker i På Høyden har difor dreidd seg om dette emnet, som kan få store konsekvensar for oss, sjølv om vi ikkje tek direkte del i dei store endringane.

Innovest-saka er ei anna sak På Høyden har følgd tett i 2015, saman med Bergens Tidende. Innovest har omsett for over ein milliard i forskingsmidlar i løpet av kring 20 år, og det er viktig å ta lærdom av feil som er gjort, slik at ein kan bruke midla betre for fellesskapen i framtida.

I byrjinga av året publiserte På Høyden ein artikkelserie om underkjente doktorgrader, med fokus på årsakar bak, og skilnader mellom fakulteta når det gjeld resultat. Og kva skjer med stipendiatane som aldri fullfører, eller fullfører på overtid? Dette er eit døme på temajournalistikken vår, og som På Høyden vil utvikle vidare. Som eit lite frampeik til årsrapporten for 2016: På Høyden har fått pengar av Fritt Ord for å gjennomføre ei journalistisk evaluering av SFF-ordninga.

Redaksjonen jobbar jamt med postlister og innsyn. Dette er arbeidskrevjande, både for oss og for andre tilsette ved UiB, som må ta seg av innsynskrava. På Høyden ønskjer seg eit

sakshandsamingssystem der ukontroversielle dokument kan hentast ut direkte av dei som ønskjer innsyn, slik at dette går raskt for dei som vil ha innsyn og ikkje krev manuelt arbeid frå administrasjonen. I denne samanhengen høver det og å peike på at administrasjonen i ein del saker praktiserer offentleglova for strengt. Sivilombodsmannen ga På Høyden medhald i at det var i strid med lova å ikkje føre opp på lista to søkjarar på stillinga som assisterande universitetsdirektør.

Tilsette

På Høyden har tre faste stillingar: Redaktør og to journalistar. Ei av dei produktive medarbeidarane hadde foreldrepermisjon i 2015, og det var då inne ein vikar for ho.

På Høyden har og fått eit nytt styre, utpeikt av universitetsstyret. Mens Stein Kuhnle (leiar), Siri Skjold Lexau, Hans Petter Sejrup, Marion Solheim og Pål Lorentzen fungerte ut 2015, ser det nye styret slik ut: Jan Heiret (leiar), Marion Solheim, Eirik Holmøyvik og Nina Kristiansen. Sjukefråveret i På Høyden er generelt lågt, og trivselen høg.

Dag Hellesund (ansvarleg redaktør)

Jan Heiret (styreleiar)



Styre: Universitetsstyret

Styresak: 104/16

Møtedato: 25.08.2016

Dato: 12.08.2016

Arkivsaksnr: 2015/5555

Oppnevning av studentrepresentanter til Skikkethetsnemnda for perioden 1.8.2016-31.7.2017

Henvisning til bakgrunnsdokumenter

- *Jf. styresak 58/15*
<http://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/innkalling28-05-15.pdf>

Saken gjelder:

Etter § 7 i "Forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning" er det universitetsstyret som skal oppnevne medlemmene til Skikkethetsnemnda. Funksjonsperioden for studentrepresentantene gikk ut den 31.7.2016 og det skal oppnevnes nye for perioden 1.8.2016-31.7.2017.

vedtak:

Universitetsstyret oppnevner Eivind Brandt og Helene Kaland som medlemmer til Skikkethetsnemnda for perioden 1.8.2016-31.7.2017.

Kjell Bernstrøm
universitetsdirektør

12.08.2016/Mona Viksøy